


Ola Jonsmoen

Siste garvaren i Nyhus

- Personlege minne om Edvard Jonsmoen

Det er fjerne erindringar og personlege streif, med andre ord nesten glømte minne og episodar, eg kan gje til portrettet av Edvard Jonsmoen - den siste garvaren i Nyhus. Eg har svært lite å fortelje om han som garvar. Mye av det eg opplevde, er sett og sansa med eit barns auge og eit barns sinn. Han var 57 år da eg vart fødd og 77 da eg var 20 - han døde den 23.1. 1963, 88 år gammal.



*Garvaren Edvard Jonsmoen som ung.
Fotoet tilhører Ola Jonsmoen, Alvdal.*

I ungdomsåra var eg ikkje i Alvdal, og hadde berre kontakt med Edvard sporadisk, helst om sommaren og til jul. Om sommaren - eit par vekers tid - kom han heim på Jonsmoen, på ferie, som det heitte seg, for å vere med oss på vinna. Merkeleg ferie etter dagens oppfatning sikkert, men ikkje uvanleg for ein del år tilbake, da folk faktisk ferierte med å hese gras og kjøre høy. Edvard gjekk helst med riva. Til gjengjeld gjekk ho raskt att og fram, og det fans ikkje att strå på strå.

Men når dette er sagt, med atterhald om feilerindringar og koplingar av slik eg såg han tedde seg, slikt han sjøl fortalte og slik min eigen fantasi og ettertanke fullførte biletet av han, må eg tilstå at han appellerte til min fantasi, som eit usedvanleg originalt menneske. Eg meiner ikkje sverte ettermæle og gjere han rarare enn han var, men han var besynderleg.

Han gjekk nesten aldri, han småsprang, og han var rask i alt, som ein røys-

katt. Me unggutane måtte henge i for å følgje han i arbeidet, fortel Harald Reinertsen i boka si «Liv og lagnad i Strømmengrenda». Han var stille og blid, seier Harald. På eitt vis sky, slik opplevde eg han, men samtidig venesæl. Glad i å prate og fortelje - kanskje var det derfor han så ofte prata med seg sjøl.

Det gjorde han, og skotta fram bak hushjørne, vår og samtidig vitebegjerleg og nysgjerrig.

Svigermor mi opplevde det første møtet med Edvard på eit vis som gjorde at ho aldri glømte det. Ho kom ned frå hytta ved Savalen. Me hadde potetåker ved vegen, eit steinkast frå grinda. Da ho kom forbi der, litt nølande, leidde sykke-



Edvard Jonsmoen i Sevilla garveri. Fotoet tilhører Ola Jonsmoen, Alvdal.

len for ho var ikkje kjent, fekk ho sjå ein mager gubbe, som stod bøygd over potetfårene og studerte avtrykk etter hesteskor i jorda, og kommenterte synet slik: *Her har faen førre*. Ho trudde han i bokstavleg forstand såg avtrykk av fandens hesteko, og at folketrua og overtrua framleis levde. Eg måtte seinare forklare henne - ho vart ikkje lett å overbevise - at Edvard nok var meir praktisk fundert enn som så i sitt utsagn. Det var eit hestefølgje som hadde brote seg innpå og skamfare potetåkeren om natta. Her var avtrykk av nyskodd hest der det skulle ha vore langpotet i beste voksterperioden.

Framtoningen og ordlegginga var typisk for Edvard. Besynderleg, sa eg. Måten han vaska seg på var eit studium verd, - emne for ei lita psykologisk avhandling. Eg sat ofte og såg på. Han

grudde seg liksom for vatn. Kan det ha samanheng med at han dagleg som garvar dreiv med mye væte og vatn? Eg veit ikkje. Han talte ein-to-tre, før han klaska kaskadar med vatnet i fjeset. Og så på ny ein-to-tre. Det var ein reinselsesprosess og eit rituale, vel nærast ei slags tvangshandling.

Han hadde ein del slikt. Han reiste frå Nyhus og heim på Jonsmoen til jul - men å kome seg av garde var omstendeleg. Det var greiare om sommaren, da kom han på sykkel. Men vart aldri ferdig før seint på kveld til å legge ut på sykkelturen. Om vinteren kom han stort sett for seint til toget han skulle reise med - ein reiste den tid med tog frå Alvdal stasjon til Auma stasjon. Det var verkeleg betrakta som ei reise. Ofte gjekk det slik at Edvard kom med siste toget,

og måtte hentast med hest og seinare med bil på stasjonen. Ja, for så langt insisterte han på å ordne seg sjøl. Dessutan kunne ingen hente han i Nyhus. Da var han aldri ferdig.

Julekvelden gjekk det òg tog, og sanneleg trur eg siste toget var eit godstog. Edvard satsa på tidlegare avreise, men det vart alltid siste alternativ. Ulideleg for ein unge, naturlegvis. Ja, for ingenting kunne skje før alle var i hus. Så omsider kom Edvard, alltid seint. Men var ikkje ferdig. Han hadde julegaver med - pakker som skulle pakkast fint inn, og pakkemerke som skulle ha personleg helsing til kvar og ein. Han sat og skreiv med spiss penn og blekkhus. Det tok tid.

Han var rask i snuen, det er sant det, men hadde nok problem likevel, med å bli ferdig med ting, iallfall på sine gamle dagar. Eg trur nok kundane hans i Nyhus merka det, og sikkert også arbeidsgeveren, men ingen har sagt noe til meg om det. Eg har forresten aldri hørt noen av Nyhusfolket seie noe som helst negativt om Edvard, men han må ha vore ein merkeleg arbeidstakar.

Eg nemnde vasken. Varmen var ein annan ting. Han ville ha det steikande varmt. At det gjekk an! Han fyrte i rundomnen på romet der han heldt til, så lufta dirra av varme. Halvt badstu, alltid. Han la seg vel i skinnfell attpå, vil eg tru, men det hugsar eg ikkje. Hadde det òg noe med å få varmen i kroppen etter kalde arbeidsoperasjonar som garvar? Eg veit ikkje. Slikt spør ein ikkje om når ein berre er gutunge eller ungdom sjøl, og har hue fullt av andre ting, dikt og jenter og pols.

Da han visste eg hadde tysk, i real-skolen, eller helst i gymnaset, eg hugsar

ikkje når, kom han med ei formidabel arbeidsoppgave til meg. Ei stor tysk bok om pelsberedning, og ville ha meg til oversette til norsk. Eg strevde ein heil sommar - det var særleg visse kapittel han var interessert i, blandingar av kjemikalier osv. Komplisert fagtysk, og tyske fagord og formlar, - ei garvarfagleg oppgave eg var temmeleg fortvila over. Eg har aldri brukt ordboka så mye som dei sommarvekene.

Om han brukte det, veit ikkje eg. Men han var utruleg nysgjerrige på alt, las mye, aviser i sær, og samla mye som andre kastar, ikkje minst tidsskrift og aviser - eg har litt av arven, dessverre. Greitt for meg sjøl, men verre for dei som ser romma rundt seg blir trongare på grunn av mine bøker og avisutklipp. Han sparte på innpakkingspapir og hyssing, hugsar eg etter besøk hos han på Nyhus. Og han noterte mangt, med spiss penn, eller blåblyant.

Eg glømte, forresten, for meg det viktigaste: Han var ein fabelaktig forteljar, med historier frå gamle dagar, og frå sitt temmeleg omskiftande liv. Eg skreiv ned ei tjukk skrivebok med anekdoter og historier. Dessverre leitar eg enno etter den skriveboka. Når eg finn ho skal eg verkeleg innby til historiekveld, ikkje med historie, men med historier. Eg hugsar somme.

Ei har eg brukt i ei bok, så den kan eg attfortelje. På Nordihaugloftet låg jentene på garden, fine jenter. Under, i bakstua, låg sjølfolket. Dei hørte alt, nesten. Men friarar stiltra seg opp gangtroppa til utloftet likevel. Eit par var uheldige. Om Edvard var ein av dei, veit eg ikkje, men han fortalte så livaktig at eg nesten



Edvard - i karakteristisk positur - med avisa. Frå ca. 1960. Fotoet tilhører Ola Jonsmoen, Alvdal.

trur det. Dei vart for seine ut attpå måråkvisten; gamla sjøl vakna og i full beredskap, på veg ut i gangen. Første mann ramla ned den bratta loftstrappa, fekk opp gangdøra og sprang. Den andre måtte gjere ein dristig manøver. Ved gangtropa stod vassåen med ei ause oppi. Da gamla kom ut i bare serken, hykte han seg saman i gangmørkret, fekk tak i ausa med kaldvatn i, snappa opp serken bak og klaska kaldvatnet i den enden som da var lettast tilgjengeleg. Nordihauggamla - Edvard brukte det ordet - fekk eit forbigående sjokk, lenge nok til at andre friaren også kom seg på dør, og redda sin anonymitet den gongen. Som straff vart Edvard unskar, om no det er ei straff. Mange vil vel seie det er ei skjebnens belønning.

Han var ikkje farbror min. Han var farbror til far min, halvfarbror til far min, altså halvbror til bestefar min på Jonsmoen. Han var fødd 23.10. 1875, og i det industrielle miljøet som faktisk fann han på å ville bli garvar - kanskje kom ideen for alt eg veit frå Nyhus som var etablert som ei god bedrift -, og reiste til Blaker og gjekk i garvarlære der. Vel heime etablerte han sin industri, Sevilla garveri som 21 åring, fekk tomt av bestefar min, bror sin, ved Sivilla, og dreiv som garvar

der. Eg har artige annonsar for garveriet i den tids lokalaviser - han var retteleg oppfinnsam som marknadsførar, tok dristig på seg oppgaver, og hadde spesialprodukt for heile Østerdalen. Han spesialiserte seg på reip og på taumar, og var ein meister på dette feltet, fortel Harald Reinertsen, sjøl garvar, og den som etter far sin, Ole Reinertsen som kjøpte garveriet i 1915, førte vidare tradisjonen ved Sevilla garveri.

Det gjekk ikkje så bra med den unge skinn- og lærentusiasten, enda bygget i to etasjar var moderne tenkt. Mangel på kapital, da som no, og kanskje også mangel på organisert bedriftsøkonomi som også må til, da som no, altså kombinasjonen av handverk og salg, vart til uovervinnelege vanskar. Edvard måtte gje seg - kanskje er det derfor han vart såvidt sky. Han arbeidde noen år på Røstvangen gruver. Han dreiv òg som

skomakar - eg har framleis utstyret hans, leister av alle fasongar, skomakarmaskin, lêrbitar, mål, plugg, bekråd, hamrar osv. Eg trur han må ha likt det livet òg, - plugge og sy og prate med seg sjøl, når ikkje andre var innom. Og det var dei nok, for dei måtte nok venta på halvsåla.

Men på sine eldre dagar kom han tilbake til sitt eigentlege yrke, i Nyhus garveri, med arbeid over kar til bløting, kalking og barking, og ved bord og bukkar til smøring, sverting og pussing av lêret. Eg var innom ein gong i blant og såg han i arbeid; det såg innfløkt ut. Eg vart fengsla av det dramatiske i prosessane, med omgang av ulike tilsetningar, men har - som de vil forstå - glømt det meste av det eg opplevde. Eg minnes best lukta og synet av uvanleg reidskap; den som hørte garvaryrket til.

Han lykkas ikkje med å rekruttere meg til yrket gjennom tysk pelsberedning, og prøvde ikkje på det heller, men han gjorde meg interessert i bøker - han las mye for meg som liten dei stundene han var på Jonsmoen, frå aviser og blad. Når far og mor las barnebøker, las han om Mussolinis abyssinske røvartokt, som det italienske angrepet på Etiopia vart kalla. Nytt frå den vide verda som akkurat da var i ferd med å komme i brann og kom i brann med Den andre verdenskrigen, med Edwards personlege kommentarar, ein dristig utanrikskorrespondent verdig. Og lokalt nytt, da kommentarane verkeleg vart personleg farga og basert på vid

lokalkunnskap erverva gjennom sine mange kundekontaktar i Østerdalen.

Som nyfødd - eg snakkar no om meg sjøl, ikkje om han - kom Edvard inn i bilde. Foreldra mine praktiserte ny kunnskap, delvis basert på Benjamin Spocks teoriar for moderne foreldre. Ungane skulle ikkje skjemmas bort, men ligge og skrike. Til det vart stilt. Og mor var stolt. Eg skreik ikkje lenge etter at ho hadde att døra til romet der vogga stod. Det ho ikkje såg, var at Edvard lurte seg inn andre døra og huska meg og rugga meg og heldt meg med selskap. Ingen grunn til å skrike da, og så fekk bae par tar rett; dei som ikkje trudde på at ungar har godt av å skrike og dei som trudde på det.

Eg skulle naturlegvis i ein artikkel som denne ønskje at eg hadde fagleg vinkla stoff om garvaren Edvard. Men skulle eg gje meg ut på det, ville det meste bli rein dikting, og eit museum som Nyhus garveri skal dokumentere verkelegheita, jamvel om også **den** har sterke islett av menneskelege tankar, draumar og besynderlege krokvegar gjennom lange fortidsliv. Eg får berre slutte med å seie at det er triveleg å ha ein original som Edvard levande i ettertanken.

Kåseri ved opninga av Nyhus garveri, Alv-
dal museum, laurdag den 28. juni 1997.

Adresse:

Ola Jonsmoen, Alvdal.